

Årsmelding Sagstad Skulekorps 2017

Styret i Sagstad Skulekorps har i 2017 bestått av:

Styreleiar:	Valborg Nes
Nestleiar:	Elin Storsæt
Kasserar:	Irene Langhelle/Kjersti Wallem
Aspirant/junioransvarleg:	Laura Camilla Størseth
Sekretær:	Bjørn Ove Stokke
Varamedlem:	Rune Nordrik
Varamedlem:	Kristian Eriksen

Materialforvaltar: Laura Camilla Størseth

Valkomité: Kjersti Wallem
Gullborg Kolstad

Korpsvakter: Fordelt på foreldregrupper

Revisor: Ingen vald

SAGSTAD SKULEKORPS

Korpset har 21 aktive korpsmedlemmer, 4 juniorar og 5 aspirantar pr. 31.12.2017.

Korpsets dirigent:

Knut Starheim var korpsets dirigent til sommar 2017 (vikar for Lise Herland).
Line Joa Tvedt blei ansatt som ny fast dirigent sommaren 2017.

Juniorkorpsets dirigent:

Ingebjørg Eide har vært juniorkorpsets dirigent i 2017

Instruktører

Me har hatt følgjande instruktører i denne perioden:

Messing:	Ingebjørg Eide
	Tarjei Hummelsund (til sommar 2017)
	Sindre Bowitz Larsen (frå haust 2017)
Treblås :	Line Joa Tvedt
Slagverk:	Tor Helge Opdahl (til sommar 2017)
	Nina-Mari Antrobus (frå haust 2017)

Korpsets tillitsvalte: Solveig Kolstad Jensen

Øving:

I 2017 har det vært øving for korpset kvar torsdag frå kl. 1800 til kl. 2000 med frammøte kl. 17:45. Korpset har hatt fast øving i musikkrommet ved Meland Ungdomskule.

Etter sommaren har dei eldste i hovedkorpset hatt «eldsteøving» siste torsdag i månaden kl 20 – 21.

Dei yngste musikantane (til og med 7.klasse) har også fått ein individuell speletime per veke gjennom heile året. Aspirantøvingane har i hovudsak gått føre seg på måndag, tysdag og torsdag.

Juniorkorpset har hatt øving kvar torsdag fram til sommaren og kvar tysdag etter sommaren.

Frå august ble juniorane tatt inn i hovedkorpset og nytt juniorkorps ble laga av aspirantar.

Resultat i konkurransar:

I forbindelse med årets deltaking i Hordablæsten fekk SSK 88 poeng og en bra 4. plass i 3. divisjon janitsjar
Juniorkorpset deltok også.

På årets Mangerfestival fekk SSK 95poeng og en 1.plass i 2. divisjon janitsjar.

Styrets arbeid:

Styret har i inneverande periode helde ein del styremøte. Styret har i tillegg jobba en del på telefon og e-post. Det har i perioden vorte helde eit foreldremøte for musikantane og juniorar på hausten.

Rekruttering:

Det har blitt arrangert rekrutteringskonsert for Sagstad Skule 2 gongar.

14.mars – Rekrutteringskonsert i regi av SFMK for 2. – 6. klasse.

30.november – Rekrutteringskonsert 2. – 5. klasse. SSK spelte. Dirigent Line Joa Tvedt styrte konserten sjølv.

I tillegg blei det arrangert eit rekrutteringsseminar i august.

Politiattest: Retningslinjer har vært vidareført i perioden.

Økonomi:

Av rekneskapen går det fram at den største kostnaden er knytt til opplæring av aspirantar og musikantar. Deretter kjem kostnadar knytt til deltaking i arrangement. Vedlikehald av instrument og innkjøp av diverse rekvisita står også for ein stor del av utgiftene.

SSK fekk frå 01.02.2017 endeleg utvida dirigentstillinga til 30,81%.

Når det gjeld inntektene, så får korpset størstedelen av sine inntekter frå dugnad og ulike arrangement som toalett/tørkepapir-sal, 17.Mai arrangementet samt basar og lyn lotteri.

Resterande inntekter kjem i form av ulike kommunale midlar og midlar frå Norges Musikkorps Forbund (NMF).

Korpset får også ein del tippemidlar i form av Grasrotandelen og styret retter ein takk til dei som har tilgodesett SSK med sin andel.

Kontingenten har ikkje vorte justert, den er framleis på kr. 900,- pr. halvår for musikantane og juniorane og kr. 600,- pr. halvår for aspirantane. Det er innført søskenmoderasjon på 2. og 3. søsken osv., med 100 kr pr. ekstra søsken pr. halvår.

Utstyr:

Korpset har i året som har gått kjøpt ein ny kornett, ein trombone, 2 barytonar, 3 klokkespel m/stativ og sekk og diverse anna perkusjonsutstyr. Deler av midlane kom frå NMF's instrumentfond og frå kommunale tilskot.

I tillegg har det og vorte gjennomført ein del nødvendige reparasjonar og vedlikehald av eksisterande instrument.

Korpset har framleis behov for å kjøpa nye instrument. Mellom anna tuba i mindre storleik, alt-saksofon, euphonium og kornett.

Korpset har også gått til innkjøp av nye korpsjakkar med logo.

Aktivitetar:

Dei viktigaste aktivitetane for musikantane har vore oppkøyring og deltaking i Hordablæsten og Mangerfestivalen, jubileumskonsert, samt korpsturen før sumarferien.

Korpset deltok i tillegg på samarbeidsprosjekt saman med Meland Musikklag og Rosslund Skulekorps. Prosjektet vart avslutta med ein konsert.

Korpsturen i år gjekk til Skjerjehamn. Det var ein veldig vellukka tur.

I 2017 hadde me ansvaret for ringleikane på 17.mai. Det vart, også i år, eit veldig vellykka arrangement. Dette takka være alle musikantane og foreldre, tusen takk!

Sagstad Skulekorps fylte 40 år i 2017. Sjølve stiftelsesdagen vart feira med kake for musikantar, instruktørar og foreldre.

I anledning jubileet fekk SSK eit stykke spesialskrevet av Webjørn Sæter. «Flint». Stykket vart urframført på Hordablæsten 2017 med komponist i salen.

29.oktober arrangerte vi ein jubileumskonsert. Vi inviterte Meland Musikklag og Rosslund Skulekorps til å spela. Konserten var vellukka og SSK fekk flotte gåver frå korps og kommune.

Det er i år blitt gjennomført ein omgang med sal av toalett/tørkepapir (haust). Det tradisjonelle påskelotteriet er blitt gjennomført og det same har den tradisjonelle haustbasaren. Begge også i år med en stor suksess.

Når det gjeld seminar så har det vært gjennomført 2 seminar i år. Eit i forbindelse med oppkøyring til Hordablæsten og eit før Mangerfestivalen.

Tradisjonen tru spela korpset under julegateopninga på Frekhaug Senter, dei hadde julekonsert på Meland Sjukeheim og dei deltok på julekonserten i Meland Kyrkje. På julaften spela dei på den eine julegudstenesta.

Årshjul 2017:

Laurdag 04.02.17	Seminar
Sundag 05.02.17	
Sundag 12.02.17	Ekstraøving
Tysdag 14.02.17	Ekstraøving

Laurdag 18.02.17 Sundag 19.02.17	Hordablæsten
Torsdag 23.02.17	Årsmøte
Tysdag 14.03.17	Rekrutteringskonsert SFMK, Sagstad Skule
Torsdag 16.03.17	Intern feiring av jubileum
Torsdag 23.03.17	Fellesøving med Meland Musikklag & Rossland Skulekorps
Laurdag 25.03.17 Sundag 26.03.17	Fellesseminar + konsert med Meland Musikklag & Rossland Skulekorps
Torsdag 06.04.17	Påskelynlotteri
Onsdag 17.05.17	Speling ved Meland Sjukeheim og i folketoget. Dugnad.
Torsdag 15.06.17	Sommarkonsert med Rossland Skulekorps
Torsdag 22.06.17	Sesongavslutning
Laurdag 24.06.17 Sundag 25.06.17	Korpstur til Skjerjehamn
Laurdag 26.08.17	Rekrutteringsseminar
Torsdag 07.09.17	Speleoppdrag på Nordgardsløa
Laurdag 28.10.17 Sundag 29.10.17	Seminar
Sundag 29.10.17	Jubileumskonsert
Laurdag 18.11.17	Mangerfestivalen
Sundag 19.11.17	Speling på Kulturskulen sin jubileumskonsert i Meland Kyrkje
Torsdag 30.11.17	Rekrutteringskonsert. Sagstad Skule
Fredag 01.12.17	Julegateopning
Sundag 03.12.17	Basar
Sundag 10.12.17	Julekonsert i Meland Kyrkje
Tysdag 19.12.17	Speling på Frekhaug Senter (juniorar)
Torsdag 21.12.17	Speling på Meland Sjukeheim + Juleavslutning
Sundag 24.12.17	Speling på julegudstjeneste

Sluttkommentar:

Sagstad Skulekorps er eit korps i musikalsk framgang og held stand i forhold til antall medlemmar. Det er viktig for Meland som vekstkommune å ha eit alternativt tilbod til born og unge i alderen 8 – 18 år og me meiner at korpset er eit positivt og kreativt tilbod til nettopp denne aldersgruppa.

Sagstad Skulekorps må difor fortsett drive aktiv rekruttering av nye medlemmar og ikkje minst gjera korpset så attraktivt som mogeleg – slik at musikantane beheld spelegleda i mange år framover.

Styret vil takke musikantar og dirigentar, aspirantar og instruktørar samt føresette for eit flott korpssår og ønskjer det nye styret lykke til med vidare drift!

Frekhaug 20.02.18 (Korrigert 23.02.18)

Laura Camilla Størseth

Ref.